

Strategi- og næringsavdelinga

Arkivsak 200800577-17
Arkivnr. 027
Saksh. Torgersen, Matti

Saksgang

Vestlandsrådet

Møtedato

02.12.2008 - 03.12.2008

EU SIN MARITIME POLITIKK - OPPFØLGING

SAMANDRAG

Vestlandsrådet har gjennom fleire saker handsama spørsmål knytt til EU sin maritime strategi. På siste møte i Vestlandsrådet orienterte statssekretær Elisabeth Walaas om status.

Sentrale punkt for norsk oppfølging av EU sin maritime politikk er:

- Fokus på det arktiske området.
- Kartlegging av dei marine områda.
- Heilskapleg overvåkings- og varslingsystem frå satellitt.
- Forvaltningsplanar som inkluderer kyststripa.
- Skipsfartsstrategi for perioden 2008-2018.
- Innsats mot ulovleg uregistrert fiske i Europa.
- Styrkt forskning gjennom Noregs Forskingsråd på maritime spørsmål.

Fylkesrådmannen rår til å opprette ein ad-hoc gruppe med ein representant frå kvart fylke av Vestlandsrådet sine medlem til å følgje opp rådet sitt arbeid innan dette feltet. Det er gjort framlegg om at gruppa skal be om møte med sentrale styresmakter om dialog rundt maritime spørsmål i EU, og også vere styringsgruppe for ei utgreiing som har til føremål å få fram regionalpolitiske utfordringar innan ramma av EU sin maritime politikk og av norsk oppfølging av denne politikken.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Maritim politikk i brei betydning er eit sentralt området for Vestlandsfylka, og det er behov for å utvikle ein regionalpolitikk som ei utdjuping av nasjonal og internasjonal politikk innan dette feltet. Vestlandsrådet ønskjer eit møte med UD og KR D om ein dialog om oppfølging av EU sin maritime politikk.
2. Vestlandsrådet oppnemner følgjande medlem av rådet til ei oppfølgingsgruppe innan dette politikkområdet
Rogaland:
Hordaland:
Sogn og Fjordane
Møre og Romsdal

Denne gruppa skal ha eit møte med sentrale styresmakter om utvikling av dette politikkområdet. Vidare skal gruppa initiativ til ei utgreiing saman med relevante fagmiljø med sikte på å drøfte regionalpolitiske utfordringar innan ramma av EU sin maritime politikk og av norsk oppfølging av denne politikken. Gruppa er styringsgruppe for dette arbeidet.

3. Vestlandsrådet løyver inntil kr. 300.000 til utgreiingsarbeid knytt til politikkdirøfting på grunnlag av EU sin maritime politikk og norsk oppfølging av denne.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

FYLKESRÅDMANNEN, 20.11.2008:

Innleiing

Vestlandsrådet har gjennom fleire saker handsama spørsmål knytt til EU sin maritime strategi. På siste møte i Vestlandsrådet orienterte statssekretær Elisabeth Walaas om status.

Norsk oppfølging

Sentrale punkt for oppfølging av EU sin maritime politikk var i følge Walaas:

- Fokus på det arktiske området. Isen smelter raskare, og dette opnar mulegheiter for nye seglingsruter og utnytting av arktiske interesser. Noreg si haldning er at dette er eit havområde, og at det er tilstrekkeleg gode internasjonale instrument gjennom havrettskonvensjonen for å handtere korleis ein skal handtere den rettslege tilstanden i Arktis. Det er ikkje behov for særreglar, men at reglane blir fylgt.
- Kartlegging av dei marine områda. Ein manglar oppdaterte kart og oversyn over kva som finnst på havbotnen. Noreg og Irland er lengst framme på dette området i EUROPA. Mariano- programmet, som er namnet på dette programmet, skal kartlegge det fysiske, biologiske og kjemiske systemet. Alt dette skal samlast i ein database. Fiskeri- og kystdepartementet handterer dette. Dette er eit nybrottsarbeid. Dette gir mulegheit til å utvikle bioprospektering som kan bli ei ny stor næring i Noreg. Universitetet i Bergen er langt framme på dette området.
- Heilskapleg overvåkings- og varslingsssystem frå satellitt. Dette særleg viktig i høve til skipstrafikk og skipsleiar. I dag er dei nasjonale systema ikkje compatible. Noreg har lansert ideen om Barentshavet på skjerm. Dette skjer i eit samarbeid med SINTEF.
- Forvaltningsplanar som inkluderer kyststripa er eit viktig verktøy og instrument. Dei ulike landa har kome ulikt. Noreg har laga forvaltningsplan for Lofoten og Barentshavet, og skal lage forvaltningsplan for Nordsjøen og for Norskehavet sør for Lofoten. Alle land skal ha slike heilskaplege forvaltningsplanar innan 2015. Dette skal gje grunnlag for gode miljø i havområda i 2020.
- Skipsfart er eit kjerneområde i havpolitikk, og EU skal utvikle strategi for skipsfarten for perioden 2008-2018. Ein skal arbeide for ein konkurransedyktig maritim næring i Europa. Ein skal arbeide for å sikre kompetanse, oppretthalde maritime miljø og klynger. Her har Noreg felles interesser med EU.
- Innsats mot ulovleg uregistrert fiske i Europa.
- Styrkt forskning gjennom Noregs Forskingsråd på maritime spørsmål.

På møtet framkom det at EU sin maritime strategi ikkje lar seg gjennomføre i løpet av få år. Heller let ikkje alt seg gjennomføra gjennom tradisjonelle verkemiddel som lovgiving og direktiv. Det er mellom anna difor etablert ei statssekretærgruppe som har møte to-tre gonger i halvåret under leiing av UD.

Vidare må gjennomføringa skje gjennom ulike typar av pilotprosjekt, til dømes område vi har erfaring på kan bli pilotprosjekt saman med breiare policyrammer. Best-practice-prosjekt er også viktige.

I følge Elisabeth Walaas er det behov for felles tenking og prioritering, og for å skaffa oss nye møteplassar. Ho var open for eit nærare samarbeid med Vestlandsrådet og fylkeskommunane.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

EU sin maritime politikk er særst viktig for kystfylka, og vil ha stor innverknad på kva for rammevilkår vi vil ha på Vestlandet både innan ressursforvaltning til havs, i høve til havrelaterte næringar og i høve klima- og miljøpolitiske problemstillingar. Det er naturleg at vestlandsfylka freistar å kome i dialog med KRD om Noreg si posisjon knytt til dette. Det er grunn til å peike på at Noreg er ein viktig europeisk maritim nasjon, og såleis har betydeleg innverknad på prosessar innan dette politikkområdet innan EU, sjølv om vi ikkje er EU-medlem. Det er grunn til å framheve at maritim politikk ikkje berre er nasjonal og internasjonal politikk, men at det også er eit regionalpolitisk sentralt område.

Eg vil rå til at Vestlandsrådet tar initiativ i høve DU og KRD om å kome i dialog om spørsmål knytt til internasjonal maritim politikk, særleg i høve til EU sin maritime politikk.

Eit sentralt spørsmål er om vi bør ta initiativ til eit samarbeid med andre landsdelsutval eller fylker. Sentralt står Landsdelsutvalget for Nord-Norge og Nord-Trøndelag, samt Østlandssamarbeidet. Nå vil truleg fokus og synspunkt variere noko mellom landsdelane, men det er grunn til å tru at fylkeskommunane vil stå sterkare om ein kan einast om sentrale politikkområde. Men Vestlandsrådet bør i alle høve ta initiativ til eit samarbeid innan dette politikkområdet.

Det kan vere naturleg at dette i første omgang blir gjort gjennom eit brev til UD og KRD om at Vestlandsrådet ønskjer å delta i eit samarbeid med sentrale styremakter om etablering av eit slikt samarbeid, og at ein ber om eit møte. Det kan informerast til dei andre landsdelsutvala at Vestlandsrådet tek eit slikt initiativ.

Eg vil rå til at det vert sett ned eit ad-hoc gruppe frå Vestlandsrådet til å arbeide vidare med dette politikkområdet. Denne gruppa kan bestå av ein person frå kvar av fylkeskommunane. Gruppa bør rapportere til Vestlandsrådet, og i første omgang ha eit møte med sentrale styresmakter om utvikling av dette politikkområdet.

Vidare vil eg rå til at denne gruppa tar initiativ til ei utgreiing saman med relevante fagmiljø med sikte på politikktutforming innan dette området. Ei slik utgreiing bør innehalde eit oversyn over sentrale element i EU sin maritime politikk, og kva for konsekvensar dette kan få for Vestlandet. Ei slik utgreiing bør også drøfte regionalpolitiske utfordringar for Vestlandfylka. Det kan også vere aktuelt at Vestlandsrådet tek initiativ til ein konferanse med dette som tema, t.d. i samband med presentasjon av ei slik utgreiing blir presentert.

Eg vil rå til at det vert løyvd 300.000 kr. til ei slik utgreiing.

I ei anna sak til dette møtet handsamar spørsmålet om forvaltingsplanar for havområda. Det er naturleg at ein slik ad-hoc-gruppe også arbeider vidare med dette spørsmålet også.